

Innhold

1	Innleiing.....	2
2	Om språklova.....	2
2.1	Føremål og innhald	2
2.2	Verkeområdet til språklova.....	3
2.3	Heimel for å fastsette unntak frå verkeområdet.....	4
3	Framlegg til forskrift	5
3.1.	Unntak for visse organ og sjølvstendige rettssubjekt	5
3.1.1	Unntak for rettssubjekt som er omfatta av unntaka i offentlegforskrifta ...	5
3.1.2	Unntak for rettssubjekt som har vedtekstfesta språkpolitiske omsyn.....	5
3.1.3	Unntak for rettssubjekt som ikkje yter tenester retta mot allmenta.....	6
3.1.4	Verksemder som rettar seg mot særskilde språkgrupper	6
3.2	Unntak for dokument	7
3.3	Oppheving og vidareføring av innhaldet i eldre forskrifter	7
4	Økonomiske og administrative konsekvensar	8
5	Merknader til dei einskilte føresegnene.....	9
	<i>Til § 1 første ledd</i>	<i>9</i>
	<i>Til § 2</i>	<i>10</i>
	<i>Til § 3</i>	<i>10</i>
	<i>Til § 4</i>	<i>10</i>
	<i>Til § 5</i>	<i>11</i>
	Utkast til forskrift til språklova	12

1 Innleiing

Kultur- og likestillingsdepartementet sender med dette på høyring eit framlegg til forskrift til lov 21. mai 2021 om språk (språklova).

Språklova har eit noko anna verkeområde enn mållova hadde. For visse statlege organ og sjølvstendige rettssubjekt som er kontrollerte av staten, bør det derfor gjerast unntak frå plikta til å følgje reglane i språklova §§ 12 til 18. Unntak frå verkeområde er hovudinnhaldet i framlegget til forskrift. Verksemdar som blir unntatt frå pliktreglane i språklova §§ 12 til 18, er likevel omfatta av lova og skal på eigna måte medverke til å oppfylle føremålet med lova, til dømes ved å fremje norsk der det er naturleg, arbeide med klarspråk osv.

Det blir òg gjort framlegg om at forskriftene med heimel i den tidlegare mållova skal opphevast. Desse er forskrift 18. mars 2004 om helseføretak som statsorgan etter lov om målbruk i offentleg teneste, forskrift 12. mai 1980 om målbruk i offentleg teneste, forskrift 16. februar 1982 om endring av rettskriving og læreboknormal og forskrift 7. juli 1987 om målform i eksamensoppgåver. Innhaldet i desse forskriftene er no tekne inn i språklova eller i dette framlegget til forskrift til språklova.

2 Om språklova

2.1 Føremål og innhald

Føremålet med språklova er å styrkje norsk språk og tryggje stillinga det har som språk som kan brukast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. For første gong er det uttrykkeleg lovfesta at offentlege organ har eit ansvar for å styrkje norsk språk, både nynorsk og bokmål. Lova sikrar òg rettsleg vern og status for samiske språk, dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk.

Fellesspråket norsk er eit grunnvilkår for eit velfungerande demokrati og utvikling av gode tenester for borgarane. Det inneber at det språkpolitiske ansvaret ikkje er avgrensa til eitt politisk-administrativt område eller departement. Dersom norsk språk skal styrkjast og vere levande, må det brukast og utviklast i alle sektorar.

Ansvaret etter språklova for å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk omfattar eit særleg ansvar for å fremje nynorsk, som er det minst brukte norske skriftspråket.

Språklova §§ 12 til 18 skal sikre omsynet til nynorsk. Desse paragrafane er i hovudsak ei vidareføring av reglane i mållova.

§ 12 fastset korleis fleirtalsspråket i ein tenestekrins skal reknast ut.

§ 13 set krav til veksling mellom bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument.

Etter første ledd første punktum skal sentrale statsorgan over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument. Termen *allment tilgjengelege dokument* er nærmare definert i § 2 bokstav b. Det omfattar «dokument som blir utferda og sendt ut av eit organ som er omfatta av lova her, og som ikkje er stila til enkeltadressatar». Dette gjeld dokumenttypar som er retta mot ei uavgrensa mengde

mottakarar, til dømes tekstar på nett retta mot eit allment publikum, brosjyrar, informasjonstekstar, nyheiter, utlysingar og pressemeldingar.

§ 14 gir reglar om parallell bruk av bokmål og nynorsk hos statsorgan. Etter første ledd skal skjema og andre sjølvbeteningstenester gjerast tilgjengelege på bokmål og nynorsk samtidig. Termen *sjølvbeteningsteneste* er teknologinøytral og omfattar både digitale løysningar, praterobotar, tradisjonelle papirskjema og elektroniske versjonar av papirskjema. Etter andre ledd har private rettssubjekt krav på å få alle løyve og faste formular som direkte gjeld dei sjølve, på bokmål eller nynorsk. Dette omfattar mellom anna skattekort, førarkort, attestar, pass, konsesjonar og vitnemål.

§ 15 gjeld bruk av bokmål og nynorsk i dokument retta mot private rettssubjekt og enkeltkommunar. Første ledd gir private rettssubjekt rett til å få svar på det skriftspråket dei sjølve brukar overfor organet, eller det språket dei har meldt at dei ønskjer å få svar på. Det følgjer av andre ledd at i dokument som er retta mot ein kommune eller ein fylkeskommune som har gjort språkvedtak etter språklova § 11, skal statsorgan og fylkeskommunar bruke det vedtekne skriftsspråket.

Etter § 16 skal statsorgan og fylkeskommunar sørge for at dei har den skrivekompetansen som trengst for å kunne bruke bokmål og nynorsk etter språklova.

§§ 17 og 18 inneheld reglar om klage på og påpeiking av bruk av gale skriftspråk hos statsorgan.

2.2 Verkeområdet til språklova

Språklova § 3 inneheld reglar om verkeområdet. Lova gjeld for staten, fylkeskommunane og kommunane og dessutan for «andre rettssubjekt» i saker der dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift (jf. § 3 første ledd første punktum bokstav a og b). Ho gjeld òg for sjølvstendige rettssubjekt som er kontrollerte av det offentlege gjennom røysterett i det øvste organet i rettssubjektet (jf. bokstav c og d). Lova gjeld ikkje for sjølvstendige rettssubjekt som i hovudsak driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private (jf. andre punktum).

Verkeområdet var utforma litt annleis i mållova. Etter § 1 var bokmål og nynorsk likeverdige målformer og skulle vere «jamstilte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune». Etter § 2 var likevel berre «statstenesta» underlagd nærmare reglar i §§ 3 til 11 om plikt til å nytte bokmål og nynorsk. Verkeområdet for desse reglane var såleis avgrensa av kva ein la i termene *statstenesta*, til dømes når det gjaldt statsforetak, særlovselskap, stiftingar og aksjeselskap knytte til staten.

Den nye språklova nyttar i staden dei same kriteria som offentleglova for å avgjere om eit offentleg tilknytt organ er omfatta av lova (jf. offentleglova § 2 første ledd første og andre punktum). Det vil seie at ein kan sjå på korleis reglane i offentleglova blir praktiserte, når det er tvil om verkeområdet for språklova.

Språklova omfattar ikkje sjølvstendige rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private, jf. § 3 første ledd andre punktum. Statleg

tilknytte rettssubjekt av dette slaget er gjerne selskap der offentlege organ eig meir enn halvparten av aksjane eller andre selskapsdelar, og som i den gjeldande eigarskapsmeldinga er plasserte i kategori 1 eller 2, jf. Meld. St. 8 (2019–2020) *Statens direkte eierskap i selskaper*. For desse selskapa har staten mål om høgast mogleg avkastning over tid.

Selskapa som i eigarskapsmeldinga er plasserte i kategori 3 er slike som ikkje hovudsakleg driv næring i konkurranse med andre. Staten har ulike sektorpolitiske mål for desse selskapa. Dei fell som regel inn under verkeområdet til språklova så langt dei ikkje er unnatekne i forskrifta.

2.3 Heimel for å fastsette unntak frå verkeområdet

Forskriftsheimelen i språklova § 3 femte ledd gir høve til å fastsetje at føresegner i lova som pålegg bruk av nynorsk og bokmål, ikkje skal gjelde for organ og sjølvstendige rettssubjekt som lova elles gjeld for. Her heiter det:

«Departementet kan gje forskrift om at §§ 12 til 18 heilt eller delvis heller ikkje skal gjelde for organ og sjølvstendige rettssubjekt som lova elles gjeld for,»

Slike unntak for organ og sjølvstendige rettssubjekt blir vurdert i dette høyringsnotatet.

I Prop. 108 L (2019–2020) s. 98 står det følgjande om denne heimelen:

«Departementet vil i arbeidet med forskrifter til språklova vurdere kva for relevante verksemdar som bør ha unntak frå pliktreglane i språklova. Verksemdar som brukar samiske språk, vil få unntak.»

Og vidare i Prop. 108 L (2019–2020) s. 99 står det:

«Når det gjeld statseigde selskap, har desse til dels svært ulike føremål. I Meld. St. 8 (2019–2020) *Statens direkte eierskap i selskaper – Bærekraftig verdiskapning* gjer regjeringa greie for kvifor staten eig direkte i selskap, kva staten eig, og korleis staten skal forvalte eigarskapet sitt. (.....)

I vurderinga skal føremålet med lova vektast mot selskapsspesifikke vurderingar og omsyn. Vurderingane vil bli gjorde i samband med arbeidet med forskrifter til lova. Eit alternativ til å vere omfatta av lova kan vere å regulere språkpolitiske omsyn i vedtektene til ei verksemd.

Også for andre offentlege organ kan det vere aktuelt med unntak. Dette vil òg bli vurdert og regulert i forskrift til språklova.»

3 Framlegg til forskrift

3.1. Unntak for visse organ og sjølvstendige rettssubjekt

3.1.1 Unntak for rettssubjekt som er omfatta av unntaka i offentlegforskrifta

Departementet gjer framlegg om at sjølvstendige rettssubjekt som etter offentlegforskrifta § 1 første og andre ledd ikkje er omfatta av offentleglova, heller ikkje skal vera omfatta av språklova §§ 12 til 18.

Sjølvstendige rettssubjekt knytte til staten, fylkeskommunar eller kommunar vil i utgangspunktet vere omfatta av språklova dersom dei fell innanfor verkeområdet til offentleglova. I høyringsbrevet frå departementet om framlegg til ny språklov står det på s. 28:

«Departementet meiner at offentlegforskrifta §§ 1 og 2 skal kunne leggjast til grunn når det skal avgjerast om eit sjølvstendig rettssubjekt er omfatta av språklova kapittel 2.»

Når ein skal vurdere unntak frå verkeområdet til språklova, er det derfor grunn til å sjå på unntaka frå verkeområdet til offentleglova. Offentlegforskrifta § 1 første ledd slår fast at offentleglova ikkje gjeld for desse sjølvstendige rettssubjekta: *Norges sjømatråd AS, SIVA Eiendom Holding AS, Gassco AS, NRK Aktivum AS, Petoro AS, Posten Norge AS, Statkraft SF* og *Norsk Tipping AS*. Desse rettssubjekta driv forretningsverksemd sjølv om ikkje alle er omfatta av konkurranseunntaket i offentleglova § 3 første ledd andre punktum.

Departementet meiner av same grunn at verksemdene heller ikkje bør vere omfatta av språklova.

Etter offentlegforskrifta § 1 andre ledd (bokstav a) gjeld offentleglova heller ikkje for sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette i administrativ stilling. Bakgrunnen for regelen i bokstav a er at det ikkje vil vere praktisk mogleg for rettssubjekt utan fast tilsette å praktisere lova frå dag til dag. I offentlegforskrifta § 1 andre ledd (bokstav b) er òg interesseorganisasjonar unntatt, dvs. sjølvstendige rettssubjekt som berre har til oppgåve å ta i vare interessene til medlemmane som arbeidsgjevar eller liknande.

3.1.2 Unntak for rettssubjekt som har vedtektsfesta språkpolitiske omsyn

I Prop. 108 L Lov om språk (språklova) står det på s. 99 at eit «alternativ til å vere omfatta av lova kan vere å regulere språkpolitiske omsyn i vedtektene til ei verksemd». I proposisjonen sluttar departementet seg til det Samferdselsdepartementet skriv i høyringa:

«Selskap med statlege eigarinteresser, og som er omfatta av føresegnene i offentleglova, er av ulik storleik og karakter. Vi bad derfor om at det bør gjerast ei nærmare vurdering av konsekvensane for ressursbruken i selskap, basert på eigenskapar som storleiken og virkeområdet til selskapet. Dette er spesielt relevant i sektorar og selskap der staten som eigar har gitt uttrykk for tydelege forventningar til kostnadseffektiv drift.

Som det går fram av høyringsnotatet er det for enkelte selskap teke inn ei føresegn i vedtektene om målbruk. Frå eit eigarperspektiv vil ei slik tilnærming vere i tråd med staten sine prinsipp om eigarstyring, der det blant anna går fram at statlege styringsbehov kan

grunngi at verksemda sine rammer må vere tydelegare avgrensa/definert enn det som er vanleg for selskap med kommersielle målsetjingar. Ei slik tilnærming gjer det mogeleg å gjere selskapsspesifikke vurderingar.»

I framlegget til forskrift er det derfor teke inn eit unntak for sjølvstendige rettssubjekt som driv forretningsverksemd og som har regulert dei språkpolitiske omsyna i vedtektene til verksemda. Dette er aktuelt for rettssubjekt som driv forretningsverksemd utan å vere omfatta av konkurranseunntaket i språklova § 3 første ledd andre punktum. *Vy* har i dag vedtektsfesta eit krav om at selskapet skal følgje mållova ved kunderetta informasjon om persontog og tenestene som staten kjøper. Dessutan seier vedtektene til selskapet at prinsippa i mållova elles skal følgjast så langt det ikkje skaper nemnande ulemper som private selskap ikkje har. Samferdselsdepartementet og *Vy* har uttrykt at dette er ei løysning som fungerer godt.

Entur har ikkje vedtektsfesta at verksemda skal følgje prinsippa i den tidlegare mållova. Selskapet har likevel gjort delar av dei kunderetta tenestene for dei reisande tilgjengeleg på nynorsk. Ei ordning der *Entur* regulerer dei språkpolitiske omsyna i vedtektene, kan vere eit alternativ til å bli omfatta av språklova.

3.1.3 Unntak for rettssubjekt som ikkje yter tenester retta mot allmenta

Føremålet med pliktreglane i §§ 12 til 18 i språklova er særleg å sikre omsynet til nynorsk, mellom anna ved å krevje veksling mellom bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument, bruk av begge språka i dokument retta mot private rettssubjekt og parallell bruk av språka i skjema og andre sjølvbeteningstenester. Jamt over er det mindre viktig at verksemdar som i liten grad har tenester og kommunikasjon retta mot allmenta, skal vere underlagde desse pliktføresegnene i språklova. Departementet meiner derfor at det bør fastsetjast eit allment unntak frå språklova §§ 12 til 18 for verksemdar som ikkje yter tenester retta mot allmenta. Døme på slike rettssubjekt er *Fiskeri- og havbruksnæringens forskningsfinansiering AS*, *Statnett SF*, *Norske tog AS* og *Nye Veier AS*.

Departementet gjer òg framlegg om unntak for rettssubjekt som rettar seg mot bestemte regionar og landsdelar. Dette gjeld t.d. kulturinstitusjonar som *Rogaland Teater* og *Trøndelag Teater*. Dei har eit særskilt regionalt ansvar. For nokre av desse institusjonane høver det best med deira profil og målgruppe å kommunisere skriftleg på nynorsk. For andre institusjonar vil bokmål høve best.

3.1.4 Verksemdar som rettar seg mot særskilde språkgrupper

Departementet gjer dessutan framlegg om unntak for verksemdar som i hovudsak rettar seg mot engelskspråklege grupper utanfor Noreg eller på Svalbard. I tillegg er statlege organ og sjølvstendige rettssubjekt som har et særskilt ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samisk språk og statlege organ og sjølvstendige rettssubjekt som er stifta eller mottek tilskot for å fremje nynorsk, omfatta av framlegga til unntak.

3.2 Unntak for dokument

Allmennkringkastaren NRK er eit statleg eigd aksjeselskap. Det er sett krav til målbruk i programverksemda til NRK. I vedtektene er det mellom anna fastsett at NRKs tilbod for det meste skal ha norskspråkleg innhald, og minst 25 prosent skal vere på nynorsk.

Sjølv om heile verksemda til NRK fell inn under verkeområdet for språklova, er ikkje lova meint å gjelde for redaksjons- og programverksemda til NRK. I Prop. 108 L Lov om språk (språklova) er det på s. 93 vist til at den såkalla NRK-plakaten byggjer på lang tradisjon og at den ikkje har direkte samanheng med reglane for bruk av bokmål og nynorsk i mållova.

Departementet føreslår derfor at denne delen av verksemda til NRK ikkje skal vere omfatta av pliktreglane i §§ 12 til 18 i språklova, slik at unntaket svarar til offentlegforskrifta § 1 tredje ledd første punktum bokstav i. Nærare rettleiing om kva dokument som skal vere omfatta av unntaket, finn ein i Kgl. Res 17. oktober 2008 s. 69:

«Etter denne føresegna vil ikkje lova gjelde for dokument hos NRK AS som er konkret knytte til den redaksjonelle verksemda eller programverksemda. Dette vil femne om alle dokument som blir utarbeidde og motteke som ledd i den laupande redaksjons- og programverksemda, medrekna dokument som omhandlar moglege nye program og engasjering av skodespelarar osv. i samband med dette. Dokument som inneheld meir overordna prinsipp eller retningsliner for redaksjons- og programverksemda vil på den andre side vere omfatta av lova. Det same gjeld alle dokument hos NRK AS som ikkje kan seiast å gjelde den laupande program og redaksjonsverksemda, t.d. dokument som gjeld innkjøp av anna enn redaksjonelt materiale og program, personforvaltning, verksemda si internforvaltning elles og kringkastingsavgifta»

Departementet vil her minne om at språklova ikkje gjeld for organinterne dokument. Dette følgjer allereie av språklova § 3 tredje ledd. Interne saksdokument, til dømes interne notat, intranett, styredokument, møtebøker og innstillingar, fell utanom, jf. Prop.108 L Lov om språk (språklova) s. 151. Dette vil gjere at det ikkje er behov for særskilt unntak frå språklovas verkeområde for desse dokumenta.

Det er også døme på at andre kulturinstitusjonar er omfatta av verkeområde til språklova. Dette gjeld Den Norske Opera & Ballett, Nationaltheatret, Carte Blanche, Norsk Teknisk Museum, Norsk Bergverksmuseum og Preus Museum.

3.3 Oppheving og vidareføring av innhaldet i eldre forskrifter

Det er fastsett nokre forskrifter med heimel i mållova. Departementet gjer framlegg om at desse forskriftene no blir oppheva, og at nokre føresegner blir vidareførte i den nye forskrifta til språklova.

Forskrift 18. mars 2004 om helseføretak som statsorgan etter lov om målbruk i offentleg teneste slår fast at helseføretak og regionale helseføretak skal være omfatta av mållova. Etter språklova § 3 første ledd første punktum bokstav c er desse rettssubjekta omfatta av språklova, og det trengst ikkje ei eiga forskriftsregulering av spørsmålet. Departementet gjer derfor framlegg om å oppheve forskrifta frå 2004.

Dei fleste føresegnene i forskrift 12. mai 1980 om målbruk i offentleg teneste er vidareførte i språklova. Bortsett frå delar av § 8 er innhaldet i forskrifta vidareført i språklova §§ 11 til 18. Departementet gjer derfor framlegg om å oppheve denne forskrifta. Nye målvedtak får då rettsleg verknad frå det tidspunkt dei er vedtekne. Språkvedtaka skal meldast til Språkrådet, som har ansvar for å gjere vedtaka kjende.

Formuleringane og språket i forskrift 7. juli 1987 om målform i eksamensoppgåver er knytte til mållova og til forskrift om målbruk i offentleg teneste. Departementet gjer derfor framlegg om at forskrift om målform i eksamensoppgåver blir oppheva, medan det meste av innhaldet blir ført vidare i forskrifta til språklova.

Kunnskapsdepartementet arbeider med framlegg til ei ny føresegn i universitets- og høgskulelova § 1-7 om rett til å velje språkform på eksamen. Føresegna kjem til å omfatte private høgskular. I føresegna skal det takast inn ein heimel for å gi forskrift. Kultur- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet vil saman finne ut korleis vi kan sikre enklast mogleg regulering på forskiftsnivå, dvs. sikre lik regulering av statlege og private institusjonar, og samstundes unngå dobbeltregulering, når regelen i universitets- og høgskuleloven er vedteken.

Departementet gjer òg framlegg om at forskrift 16. februar 1982 nr. 382 om endring av rettskriving og læreboknormal blir oppheva. Innhaldet her er dekt av § 10 i språklova om at offentlege organ skal følgje den offisielle rettskrivinga for bokmål og nynorsk.

Forskrift om språkvedtak i kommunar og fylkeskommunar (språkvedtaksforskrifta) er fastsett av Språkrådet 20. desember 2019 med heimel i mållova § 5, forskrift om målbruk i offentleg teneste § 8 og delegeringsvedtak 3. juni 2016 nr. 1951. Språkvedtaksforskrifta inneheld ei liste over dei språkvedtaka som er gjorde i kommunar og fylkeskommunar. Det krevst ingen heimel for å opprette ei slik liste med vedtak frå offentlege organ. Språklova § 11 andre ledd krev at kommunar og fylkeskommunar skal melde frå til Språkrådet om språkvedtak. Språkrådet kan så kunngjere dette vedtaket på den mest føremålstenlege måten. Dette treng ikkje regulering i forskrift. Språkvedtaka får då rettsleg verknad allereie frå det tidspunktet dei vart gjorde.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Når det gjeld økonomiske og administrative konsekvensar for dei som er omfatta av språklova, viser departementet til kapittel 18 i Prop. 108 L (2019–2020). På side 146 står det at framlegget til språklov er «utforma slik at det ikkje skal påføre det offentlege eller andre samfunnsaktørar nemnande økonomiske og administrative byrder utover det som følgjer av gjeldande rett, medrekna folkerettslege plikter». Utkastet til forskrift fastset nokre unntak frå reglane i språklova for visse rettssubjekt og inneber heller ikkje økonomiske og administrative byrder utover det som følgjer av gjeldande rett.

5 Merknader til dei einskilde føresegnene

Til § 1 første ledd

Etter framlegget til § 1 første ledd *bokstav a* skal ikkje språklova §§ 12 til 18 gjelde for dei sjølvstendige rettssubjekta som er nemnde i offentlegforskrifta § 1 første og andre ledd. Etter offentlegforskrifta § 1 første ledd gjeld ikkje offentleglova for dei sjølvstendige rettssubjekta Norges sjømatråd AS, SIVA Eiendom Holding AS, Gassco AS, NRK Aktivum AS, Petoro AS, Posten Norge AS, Statkraft SF og Norsk Tipping AS. Vidare følgjer det av andre ledd bokstav a at lova ikkje gjeld for sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette i administrativ stilling, og av bokstav b at ho ikkje gjeld for sjølvstendige rettssubjekt som utelukkande har til oppgåve å vareta interessene til medlemmene som arbeidsgjevar eller liknande (interesseorganisasjonar).

Offentleglova og språklova har i utgangspunktet det same verkeområdet, jf. offentleglova § 2 første ledd første punktum bokstav a til d og språklova § 3 første ledd første punktum bokstav a til d. Dei momenta som tilseier at dei nemnde rettssubjekta ikkje skal vera omfatta av offentleglova, tilseier òg at dei ikkje bør vera underlagde dei pliktene som følgjer av språklova §§ 12 til 18. Departementet viser elles til dei generelle merknadene i punkt 3.1.

Etter framlegget til § 1 første ledd *bokstav b* skal språklova §§ 12-18 ikkje gjelde for sjølvstendige rettssubjekt som driv forretningsverksemd og som har vedtektsfesta dei språkpolitiske omsyna i vedtektene til selskapet. Departementet viser til Prop. 108 L Lov om språk (språklova) s. 99 der det står at eit «alternativ til å vere omfatta av lova kan vere å regulere språkpolitiske omsyn i vedtektene til ei verksemd». Vy er ei verksemd som har vedtektsfesta eit krav om at selskapet skal følgje mållova ved kunderetta informasjon om persontog og tenestene som staten kjøper. Dessutan seier vedtektene til selskapet at prinsippa i mållova elles skal følgjast så langt det ikkje skaper nemnande ulemper som private selskap ikkje har.

Etter framlegget til § 1 første ledd *bokstav c* skal språklova § 12 til 18 heller ikkje gjelde for statlege organ og sjølvstendige rettssubjekt som har eit særskilt ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samisk språk. Det står i Prop. 108 L (2019–2020) på s. 98 at verksemder som har eit særskilt ansvar for å ta i vare, bruke og fremje samisk språk, skal ha unntak frå pliktreglane i språklova. Dette gjeld til dømes Samisk Høgskole, som har samisk som administrasjonsspråk.

Etter framlegget til § 1 første ledd *bokstav d* skal språklova §§ 12 til 18 ikkje gjelde for statlege organ og sjølvstendige rettssubjekt som er stifta eller som mottek tilskot for å fremje bruken av nynorsk. Dette gjeld til dømes stiftinga Nynorsk kultursentrum, som arbeider for nynorsk skriftkultur.

Framlegget til § 1 første ledd *bokstav e* inneber at språklova §§ 12 til 18 heller ikkje skal gjelde for sjølvstendige rettssubjekt som ikkje yter tenester retta mot allmenta, eller som rettar seg mot ein viss region eller landsdel. Det er mindre viktig at verksemder som i liten

grad har tenester og kommunikasjon retta mot allmenta, skal vere underlagde desse pliktføresegnene i språklova. Eit døme på den første gruppa er Fiskeri- og havbruksnæringens forskningsfinansiering AS, Statnett SF, Norske tog AS og Nye Veier AS. Døme på den andre gruppa rettssubjekt er verksemder med status som region- eller landsdelsinstitusjonar, som Rogaland Teater AS og Trøndelag Teater AS.

Etter framlegget til § 1 første ledd *bokstav f* skal språklova §§ 12 til 18 heller ikkje gjelde for sjølvstendige rettssubjekt som i hovudsak rettar seg mot brukarar utanfor Noreg eller på Svalbard. Grunngevinga er at målgruppa for desse rettssubjekta i stor grad er utanlandske statsborgarar som ikkje har norsk som morsmål. Det blir brukt engelsk i korrespondansen til desse organa. Mange av dei som bur i lokalsamfunna på Svalbard, er òg utanlandske statsborgarar, og i korrespondanse med dei kan det bli brukt andre språk enn norsk. Døme på verksemder som kan bli omfatta av dette unntaket, er Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (SNSK), Kings Bay AS og Universitetssenteret på Svalbard AS.

Til § 2

Etter framlegget til § 2 gjeld språklova heller ikkje for dokument hos NRK AS som er knytte til redaksjons- og programverksemda i selskapet.

Når ein skal vurdere kva som er omfatta av dette unntaket frå språklova, bør ein sjå på korleis eit tilsvarende unntak i offentlegforskrifta § 1 tredje ledd bokstav i blir tolka i praksis. Dessutan bør ein leggje vekt på at reglane det blir gjort unntak frå, dvs. reglane i offentleglova og reglane i språklova, er ulike. Etter offentlegforskrifta gjeld til dømes unntaket frå offentleglova når dokumenta er hjå NRK sjølv (eller andre som lova ikkje gjeld for), men ikkje dersom dokumenta blir sende til andre organ som er omfatta av lova. Det er ikkje aktuelt med ei slik nyansering her.

Til § 3

Framlegget til § 3 inneber ei vidareføring av §§ 1 og 2 i forskrift om målform i eksamensoppgåver frå 1987. Framlegget til *første ledd første punktum* slår fast hovudregelen om at eksamensoppgåver på norsk som blir gjevne i andre fag enn norsk, skal lagast på både nynorsk og bokmål. Tilvisinga til den oppheva grunnskolelova er fjerna.

Etter framlegget til *andre ledd første punktum* skal eksamenskandidatane få oppgåvene på nynorsk eller bokmål etter eige ønske. Fråsegna i gjeldande forskrift (§ 2 andre ledd) om at lærestaden kan skaffe seg oversikt over målønska til kandidatane, er teken inn i framlegget til § 3 andre ledd *andre punktum*. Lærestaden får slik oversikt når kandidatane gjer bindande språkval i samband med oppmeldinga til eksamen.

Til § 4

Framlegg til § 4 inneber at lærestaden kan gjere unntak dersom alle kandidatane har valt same språk, eller dersom særlege grunnar talar for det. Paragrafen inneheld ikkje ei opprekning av situasjonar som kvalifiserer for å gjere unntak. Departementet meiner at

særleg grunn til å gjere unntak berre kan vere ekstraordinære situasjonar som lærestaden ikkje sjølv har kontroll over. Departementet ber om råd frå lærestadene når det gjeld slike situasjonar.

Departementet har fått innspel frå Kunnskapsdepartementet om at det i nokre tilfelle kan vere nødvendig å gjere unntak frå kravet om valfri språkform av pedagogiske grunnar. Det kan til dømes gjelde lærarutdanningar, der det er eit læringsutbyttekrav at studentane skal kunne bruke og undervise både i bokmål og nynorsk.

Departementet viser elles til § 16 i språklova, der det står at statsorgana, lærestadene inkludert, skal syte for at dei har den skrivekompetansen dei treng for å kunne bruke både bokmål og nynorsk etter lova. Manglande kompetanse ved lærestaden er såleis ikkje gyldig grunn til å gjere unntak.

Til § 5

Etter framlegget til § 5 skal klageretten i forskrift om målform i eksamensoppgåver vidareførast. Framlegget til § 5 *første ledd første punktum* seier at vedtak etter § 4 kan påklagast, og etter framlegget til *andre punktum* skal departementet vere klageinstans.

Etter framlegget til *andre ledd første punktum* skal klagefristen vere tre veker frå vedtaket vart kunngjort, og etter framlegget til *andre punktum* skal elles reglane i forvaltningslova kapittel VI gjelde. Det gjeld mellom anna reglane om klagebehandlinga, høvet til omgjering etter forvaltningslova § 35 og retten til dekning av sakskostnader etter forvaltningslova § 36.

Til § 6 Iverksetjing

Etter framlegget til § 6 tek forskrifta til å gjelde straks.

Til § 7 Oppheving av eldre forskrifter

Framlegget til § 7 inneheld ei oversikt over eldre forskrifter som blir oppheva så snart denne forskrifta tek til å gjelde. Grunngevinga er at reglane i dei nemnde forskriftene enten er dekte gjennom språklova eller omfatta av framlegget her, sjå også omtale under pkt. 3.3 i høyringsnotatet her.

Utkast til forskrift til språklova

§ 1 *Unntak frå verkeområdet til språklova*

Språklova §§ 12 til 18 gjeld ikkje for

- a. sjølvstendige rettssubjekt som er nemnde i offentlegforskrifta § 1 første og andre ledd
- b. sjølvstendige rettssubjekt som driv forretningsverksemd og som har regulert dei språkpolitiske omsyna i vedtektene til verksemda
- c. statlege organ og sjølvstendige rettssubjekt som har et særskilt ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samisk språk
- d. statlege organ og sjølvstendige rettssubjekt som er stifta eller mottek tilskot for å fremje nynorsk
- e. sjølvstendige rettssubjekt som ikkje yter tenester retta mot allmenta, eller som rettar seg mot ein bestemt region eller landsdel
- f. sjølvstendige rettssubjekt som i hovudsak rettar seg mot allmenta utanfor Noreg eller på Svalbard

§ 2 *Dokument hos NRK AS*

Språklova gjeld ikkje for dokument hos NRK AS som er knytte til redaksjons- og programverksemda i selskapet.

§ 3 *Språk i eksamensoppgåver*

Statlege lærestader som ikkje kjem inn under opplæringslova, skal lage norskspråklege eksamensoppgåver som blir gjevne i andre fag enn norsk, på både nynorsk og bokmål.

Når kandidatar melder seg opp til eksamen, vel dei sjølve om dei vil ha eksamensoppgåva på nynorsk eller bokmål, og språkvalet er bindande.

§ 4 *Unntak frå kravet om språk i eksamensoppgåver*

Det kan gjerast unntak frå kravet i § 3 når alle kandidatane har ønskt same språk, eller når andre særlege grunnar talar for det.

Unntak etter første ledd kan gjelde for ein heil eksamen eller delar av ein eksamen. Unntak kan gjelde for eit visst semester eller for ein periode på opp til eitt år.

Lærestaden må gjere vedtak om unntak seinast tre månader før den eksamenen vedtaket gjeld.

§ 5 *Klage over vedtak om unntak frå kravet om språk i eksamensoppgåver*

Eksamenskandidatar kan klage på vedtak etter § 4. Departementet er klageinstans.

Klagefristen er tre veker frå vedtaket vart kunngjort. Elles gjeld reglane i forvaltningslova kapittel VI.

§ 6 *Iverksetjing*

Forskrifta tek til å gjelde straks.

§ 7 *Oppheving av eldre forskrifter*

Frå den tida forskrifta tek til å gjelde, blir desse forskriftene oppheva:

1. forskrift 12. mai 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste
2. forskrift 24. juli 1981 nr. 4940 om endringer i 1) rettskrivningen og læreboknormalen for bokmål og 2) bruksområdet for læreboknormalen. Delegasjon av fullmakt
3. forskrift 16. februar 1982 nr. 382 om endring av rettskriving og læreboknormal
4. forskrift 7. juli 1987 nr. 4148 om målform i eksamensoppgåver
5. forskrift 18. mars 2004 nr. 532 om helseføretak som statsorgan etter lov om målbruk i offentleg teneste.